



Førebuing til neste laktasjon startar no

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE - Topp Team Fôring Geit

Hege Gonsholt, Topp Team Fôring Geit TINE

Kari Sølvberg, Topp Team Fôring Geit TINE

Sammendrag

Om lag 80% av alle kjeingar skjer i januar, februar og mars. Det betyr at storparten av mjølkegeitene no har 2-4 månader att av laktasjonen, dersom tørrperioden er på 8 veker. Vi bør starte førebuinga til neste laktasjon om hausten.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2014

Utskriftsdato

07.12.2023 www.fag.nsg.no

Førebuing til neste laktasjon startar no

Om lag 80% av alle kjeingar skjer i januar, februar og mars. Det betyr at storparten av mjølkegeitene no har 2-4 månader att av laktasjonen, dersom tørrperioden er på 8 veker. Vi bør starte førebuinga til neste laktasjon om hausten.

I dette produksjonsstadiet er dei fysiologiske utfordringane hos mjølkegeitene først og fremst å halde oppe ytinga og å bygge opp kroppsreservar. Hjø unggeitene er det viktig og oppnå god tilvekst før første kjeing.

Før etter hald og yting

I seinlaktasjonen ser det ut til at opp-tak av energi i større grad vert kanalisert mot kroppen slik at geita kan bygge opp kroppsreservar til neste laktasjon. Kor mykje kroppsreservar geitene greier å bygge opp avheng av ytingsnivå, førstyrke og føropptak.

Variasjonen mellom dyr er stor. Hos ein del geiter vert den daglege mjølke-mengda redusert og dei legg heller på seg kroppsfeitt, mens andre held avdråtten oppe og brukar oppteken næring til mjølkeproduksjon.

Ein har mykje att for å gjere ei vurdering av haldet i flokken i god tid før avsinning - gjerne 2½ månad før. Geiter med haldpoeng på under 2,5 skal til dømes legge på seg minst 5-7 kg feitt fram mot kjeing.

Det ser ut til at føropptakskapasiteten kan vere svært høg i seinlaktasjonen hos geiter som har brukt mykje kroppsreservar tidlegare i laktasjonen.

Om ein på slutten av laktasjonen grupperer geitene og differensierer kraftfornivået, både etter alder, hald, avdrått og grovføropptak, kan ein oppnå jamnare og betre hald på geitene ved kjeing. Ein vil også få betre effekt av tildelt kraftfôr i denne perioden.



(Foto: Hege Gonsholt)

Planlegg disponering av årets grovfôravling

Ta grovfôranalyser så tidleg som mogleg om hausten for å få oversikt over ulike fôr kvalitatar. Ei vellukka føring av mjølkegeitene handlar i stor grad om ei vom som fungerer godt.

Bruk den beste fôr kvaliteten du har på den tida dyra kjear og tidleg i laktasjonen, for å oppnå høgt grovføropptak.

Grovfôr av meir moderat kvalitet

bør brukast seint i laktasjonen eller i tørrperioden. Då er geitene meir robuste, har betre appetitt og ligg på eit lågare kraftfornivå.

Gi unggeitene høve til å vekse godt

Etter innsett har unggeitene framleis eit godt vekstpotensiale utover hausten. Gruppering etter storleik og vekt er naudsynt for å sikre at alle dyr får nok fôr og for å jamne ut skilnader i vekt

Tabell 1. Kvalitetskrav til grovføret til geitene tidleg i laktasjonen:

Tørrstoff (TS)	25-35%
Råprotein	140-160 g/kg TS, 150-180 g/kg TS ved bruk av betefôr
NDF (fiber)	480-520 g/kg TS (tidleg laktasjon)
iNDF (ufordøyeleg fiber)	80-120 g/kg NDF, maks 150 g/kg NDF
Sukker	Meir enn 80 g/kg TS
FEm (Fôreiningar)	Meir enn 0,86 FEm/kg TS
Mjølkesyre	40-80 g/kg TS
Eddiksyre	12-30 g/kg TS
Smørsyre	Mindre enn 4 g/kg TS
Maurusyre	Mindre enn 2 g eller over 8 g/kg TS *
Ammoniakk-N	Mindre enn 81 g/kg N**
Etanol	Mindre enn 8 g/kg TS
Totale syrer	Mindre enn 100 g/kg TS

* Mindre enn 2 g om det ikkje er brukt maursyreholdig ensileringsmiddel, elles minst 8 g

**3 0-40 g høgare innhald ok ved bruk av ensileringsmiddel som inneheld ammoniakk



(Foto: Hege Gonsholt)

Tabell 2. Vekter ein bør oppnå ved ulike alder for geiter som skal kjeve ved 12 månaders alder. Ønska levendevekt ved kjeing: 45-50 kg:

Alder i måneder	Ønska levendevekt, kg
4	22-25
6	28-31
8	36-39
10	> 43

GODE PLANAR GIR GODE RESULTAT I NESTE SESONG!

Ver tidleg ute med å analysere produksjonsresultata dine og planlegging for neste laktasjon:

- Planlegg føring i seinlaktasjon og tørrperioden!
- Lag ein plan for disponering av grovføret!

- Veg unggeitene og lag ein god plan for føring fram mot første kjeing!

Bestill TINE Fôrplan GEIT med føringoppfølging hos TINE Føringrådgiver GEIT!

Tabell 3. Eksempel på fôrplan til unggeiter frå ca. 7 månaders alder og fram til 3-4 veker før kjeing. Ynskjeleg vekt ved kjeing som årsgamle: 45-50 kg. Fri tilgang til vatn av god kvalitet, saltstein og mineral-/vitaminblanding:

Vekt	Behov for tilvekst/haldoppbygging fram mot første kjeing	Grovfôr	Kraftfôr
Kje <30 kg	Minst 15 kg (140-160 g/dag)	Etter appetitt ¹⁾	0,7-0,8 FEm FORMEL Lam høst
Kje 30-33 kg	15-17 kg (120-140 g/dag)	Etter appetitt ¹⁾	0,6 FEm FORMEL Lam høst
Kje 34-36 kg	12-14 kg (110-120 g/dag)	Etter appetitt ¹⁾	0,5 FEm FORMEL Lam høst eller FORMEL Geit ²⁾
Kje >36 kg	11-12 kg (100-110 g/dag)	Etter appetitt ¹⁾	0,4-0,5 FEm FORMEL Lam høst eller FORMEL Geit ²⁾

1) Grovfôr av god kvalitet, helst over 0,87 FEm/kg tørrstoff og minst 14% råprotein.

2) Kje som får 0,5 FEm kraftfôr eller mindre kan få kraftfôrblendingar tiltenkt mjølkegeiter. Kraftfôrmengder over 0,5 krev ofte kraftfôr med høgare NDF-del (fiber) og mindre stivelse for å oppretthalde eit godt miljø i vomma.

etter beiteperioden. Det er mulig å oppnå vektauke på 15-18 kg i løpet av 3-4 månader. På slutten av den tida dyra går drektige vil fosterproduksjonen krevje ekstra energi og protein, men ein kan ta sikte på at unggeitene kan vekse godt fram til ca. 1½ mnd. før kjeing.

Av Helga Kvamsås,
Hege Gonsholt
og Kari Sølvberg
Topp Team Føring Geit TINE

Fylkesmesterskap for Aust- og Vest-Agder

Vest-Agder gjeterhundklubb arrangerer, i samarbeid med Aust-Agder gjeterhundnemnd, fylkesmesterskap for gjeterhunder **lørdag 13. september**. Prøven går i kl. 1 og 3 og arrangeres på Vatnestrøm i Aust-Agder, hos Linn Kristin Flaten. Dagen starter kl. 10:00.

Påmelding sendes til: nina.molland89@gmail.com eller som SMS til 902 58 973 innen 7. september.

